



*Olav Skotte*

SELSKAPET

---

**ÅRSHEFTE**  
**2005**

## ÅRSHEFTE FOR OLAV SLETTO-SELKAPET

Olav Sletto – selskapet gav i 2002 ut si fyrste årbok. Ei slik bokutgjeving er eit tungt lyft for eit selskap med så avgrensa økonomiske midlar som det me rår over. Difor vart det og sagt at ei fylldig årbok med stive permar kunne ein ikkje venta seg kvart år.

I 2004 vart det gjeve ut eit årshäfte som vart vel motteke av medlemene. Styret fylgjer opp dette også i 2005 og vonar at stoffet også dette året vil vera av interesse for alle Sletto-vener.

Dei som hadde høve til å vera til stades på årsmøtet i 2004 fekk gleda av å høyra Ola Jonsmoen sitt glitrande kåseri om Per-bøkene. I dette heftet trykkjer me manuskriptet til Jonsmoen sitt kåseri, slik at også medlemene som ikkje var til stades kan få ta del i dette.

Oppmodingane til medlemene om å koma med større eller mindre bidrag til årshäfte våre, står framleis ved lag!

Årshäftet er i fyrste rekkje meint for medlemene i selskapet og er såleis ein ganske "eksklusiv" publikasjon, trykt i eit opplag på 100 eksemplar. Me hadde gjerne sett at medlemstalet hadde vore større og oppmodar difor alle medlemmer om å gjera ein aktiv innsats som medlemsvervarar. Medlemspengane er 100 kroner året som kan innbetalast til Olav Sletto – selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 Hol på bankkonto 2333.22.62998.

Styret.

## **Per – ein spegel for diktaren sjøl?**

Kåseri på årsmøtet i Olav Sletto-selskapet, 12. juni 2004,  
av Ola Jonsmoen

Forsiktig undrast eg: Det er vel slik at ein kåsør kan vandre i sitt emne, tillate seg digresjonar, gjøemme seg i parentesar, flykte i assosiasjonar, og håpe på tilgiing om han kjem på villstrå og tar feil, og kanskje til og med gjer hovudpersonen urett. Kven som eigentleg er hovudpersonen, veit eg ikkje for sikkert heller forresten. Det kan vere Olav Sletto, men helst er det vel Per. Er ikkje dei to ein og den same? Det kan eg aldri tru. Iallfall vil det her vere spesialistar som både kan bevise det eine med psykologi og motbevise det same med biografi. Og så er det oss da som verken er det eine eller andre, men som likevel syns me tør uttale oss fordi me baserer oss på fantasi.

Eg seier dette som det eine atterhaldet. Det burde sikkert vere fleire, men sia eg både av natur og kultur er eit snilt menneske, treng eg ikkje full livsforsikring. Det sømer seg dessutan ikkje i eit kåseri som mitt å kritisere hovudpersonen, anten han no heiter Per eller Olav. Det kjem heller ikkje til å skje, jamvel om det av og til er freistande. Forfattaren Olav Sletto er ikkje utan lyte, men kvifor skal ein feste seg ved dei. Det ville etter mi oppfatning vere rein sløsing med tid, og misbruk av leseglede.

Fordi eg tenker slik, og fordi Olav Sletto aldri har fått ufortent ros, snarare ufortent nedvurdering, kjem eg til å sjå på Olav Sletto slik han helst såg seg sjøl – i det minste i Per-bøkene, og truleg også i sitt liv, som ein slags Fredrik den store, hovudperson heilt og fullt, frå fødsel til død. Olav Sletto var kungin og guten sin! som det heiter i *Per Spegil* - fabelaktig tittel på ei bok, biletet er sant og likevel berre eit optisk fenomen. Går ein bort frå spegilen er den dimensjonen

borte. Per er att einsam, åleine, - slik har Sletto fått plassert han inn i ein samanheng, der han er Per sjøl.

Det er dei fire romanane om Per eg skal ha som midtpunkt i desse ord, *Per Spegil*, *Per Sjø*, *Per Stavlang* og *Per Spelmann*. Titlane er meisterlege, enkle, samanbindande og karakteriserande; ei trapp frå barndomen gjennom fire steg mot vaksendomen. Ja, for ein konfirmant var vaksen, slik siste boka av dei fire fortel, med stuttrøye og sølvknappar. Altså fire bøker om ein gut i Hallingdal som veks opp hos besteforeldra sine på ein liten gard, som der opplever arbeid og kvardag og menneske og dyr og natur og eige sinn som magnet for alle impulsar; eit komplett liv, truverdige, og likevel på kanten av det truverdige, for hovudpersonen har ein livsappetitt og ei undringsevne, ja nærast ein overnaturleg sjåargivnad som skil han frå andre. Likevel er det ingenting som sprenger den psykologiske innsikt som Per-skapnaden bygger på.

I tillegg til konsentrasjonen om Per kjem sidemotiv og supplerande skildringar, med detaljar som borgar for den kulturhistoriske verdien bøkene om Per har. Olav Sletto lurar kunnskapar inn på oss slik at vi knappast merker at det er *det* han gjer. Merkar han det sjøl, forresten, eller bur dette stoffet slik i han, personleg røynt, eller iallfall tett observert, at det ikkje er eit kunstgrep, men beinfram forteljing utan baktanke? Det veit andre betre enn eg. Eg har åtvare: Dette er eit kåseri og eg bruker vel av og til større ord enn eg har dekning for om eg reint litteraturanalytisk skulle finne vitenskapleg belegg for kvart komma, men eg hevdar at Sletto har fått til ei genial samansmelting av dikt og draum og levd liv, av bygdehistoriske fakta og individuell faktatolking. Objekt og spegelbilete, syn og sanning i eitt! Reint narsistisk i positiv forstand, utleverande men ikkje pinleg,

sjøloppteke på barnleg og såleis allmennmenneskeleg vis, men slett ikkje intimt.

For å vere litt personleg: Det vart Per-bøkene eg festa meg ved da eg gav meg meir systematisk i kast med Sletto, altså det i forfattarskapet som for meg var mest attkjenneleg, undringa og gleda, inntaket av impulsane frå det som var verda, og all einsemd ein sat att med trass i alt det ein fekk inn gjennom auge og øre og hand og kinn. Einsemda mi var nok heilt annleis enn Per si, men likevel vart konfrontasjonen slik at det nesten svei. Dernest kom *ikkje* resten av forfattarskapet for å bekjenne faktum - men dotter til forfattaren. Eva Sletto som eg såg på Det norske teatret, først som gymnasiast, seinare som student, vakker, i ein opphøgd harmoni, eg hadde nær sagt i skapnad av ei typisk Sletto-kvinne frå bøkene hans, madonna og likevel utruleg sensuell, fabelaktig vakker og kvinneleg dragande inn i alt dette som ein hybelgymnasiast i Oslo uavlateleg tumlar med. Det var ei avstandsforelsking av verkelege dimensjonar. Eg fortalte Eva Sletto om korleis eg reint hovudstups hadde beundra henne, og me hadde ei lita samtale om det, med det som vakker konluksjon at det nok var for seint å gjere noko meir med det enn bere det med seg som søt ungdomsdraum.

Er "for seint" også eit stikkord for Olav Sletto-bøkene? Er det slik at ord bør brukast før, slik det heiter om daglegvarer av ømfintleg karakter, og det slett ikkje bare lettbedervelege? Best før? Det er *ikkje* for seint for Olav Sletto, men spørsmålet er om det er for tidleg? Må me vente enno noen år før han blir breitt oppdaga, eller vil han aldri bli det? Eg har så små evner som spåmann at eg ikkje spår. Det *eg* ser er at Per-bøkene inneheld så mange reint tidsbunde særkjenne og så mange kulturhistoriske detaljar, at dei legg hindringar i vegen for ein moderne og rastlaus lesar, som har vent seg til tabloid leseskumming. Også for ein

velmeinande, men uøvd lesar vil Sletto vere ei utfordring. Men hans evne til å formidle fortidsbundne fakta med menneskekunnskap og språkleg meisterskap, gjer dei beste bøkene hans samtidig så spennande, at det skal lite til før til dømes Per-bøkene framstår nærast som ein uoppdaga jungel av fortid og psykologi. Det er ei farleg ferd mot det indre å leite seg fram gjennom slike bøker, lokkande, fordi det er mangt som er så attkjennande at det nesten gjer vondt. *Så* godt er det.

Språket er ei vandring inn i eit rike for seg. Det er shakespearsk, nesten så overdådig at eg får fleire filologiske undringar i hovudet på ei og same tid. Eg sansar dialekten, med alle sine ordnyansar, og med ein mjuk rytme, som gjer godt og som kler innhaldet. Eg kjem opp i undring over ordforrådet, som er så mangslunge, så klangfullt og fascinerande at Olav Sletto må ha hatt ei rein hardingfele av toner å spele på. Mitt naive spørsmål, og slik skulle naturlegvis ikkje ein filolog spørje, for eg går ut frå at dalens eigne språkfolk for lengst har granska det og greidd det ut i skrifter og verk, er om hans barndomsdialekt i somt er attåtlaga av dikteren sjøl? Eller fins det eg no snakkar om verkeleg i målføret? Det vil seie fans det? Det er eit lyd målende språk, nesten i meste laget som Leif Tufte har peika på i sin artikkel om stilkunstnaren. For det er utruleg mye sus og bulder og sjoing.

Men det høver i Per-bøkene. Per sansar naturen som lydskifte og lysskifte, slik stemningane i Per og ikring Per skiftar. Det er ein umerkande konsekvens som først blir forstått i ettertanken – eg snakkar om meg sjøl – og gudskjelov ikkje gir seg tilkjenne som analytisk forstand når me sit og les ein Sletto-nynorsk som skifter frå høgtid til kvardag. Ytterpunkta er langt frå kvarandre. Språket er både bibelsk til tider og barnleg naivt andre stader, slengande, gjøglande,

overmotig på ekte godkarsvis der det høver, og ingen skal fortelje meg anna enn at Olav Sletto må ha elska det som vi i Østerdalen kallar å rive kjeft. Det glimtar av latter og språkleg leik når han får desse i positiv forstand utmenneska sine til å briske seg, Storedundra, Nils Slåttekar og Sevat. Var eg uærbødig ville eg ha påstått at aldri er Olav Sletto så lykkeleg som når han kan legge av seg sin sjølpålagte høgtidlege åndskjempestatus, og bare vere ein slentrande og leug spelemann med ord og speloppmaker med utsegner.

Er han språkmakar sjøl, ein ordlagar, eller er han berre dristig språkbrukar? Eg spør, men eg trur at han lagar seg sin eigen hallingdialekt, når hans gemytt treng supplement. Eg trur han er så bevisst frekk, for han veit at det ikkje er lett å avsløre han og ikkje noe poeng heller for den saks skyld, men det fins sikker noen som kan overtyde meg om at slik er det ikkje. Det fins alltid språkfolk som veit det meste. Så blir sjølsagt spørsmålet, om nettopp dette språklege livet, som gjer lesnaden til ein ekstra fest etter mi oppfatning, og som gjer at Sletto bare motvillig går i glømmeboka, eller meir positivt uttrykk kanskje til og med får, iallfall fortener å få, ein renessanse, blir ein barrière mot Olav Sletto og Per-bøkene?

Ein annan ting er naturlegvis den kulturformidlande oppgava som forfattaren – han ville kanskje helst nemnast som diktar – meir eller mindre medvite har tatt på seg. For meg verkar det som eit ærend hos han å fortelje oss om livet slik det var da han var gutunge, og litt før den tid, litt før og akkurat i hamskiftet for det norske bondesamfunnet, der fjellbygdene enno hang i det gamle, men merka omskiftet. Dei låg nok utafor allfarveg, men visste vegane og fekk impulsar. Fjellbygdene var aldri isolerte for folk som budde i dei. Det var det folk utafra som trudde. Heime hos Per fór bestefar ofte ut, og hadde med seg inntrykk heilt frå Skåne.

Dei fekk seg usett ei makelaus ku frå Telemark etter avtale på ein utabygds marknad.

Men det er og blir fortellingar frå ei gammal tid. I noen grad skulle eg kjenne bygdelivet før mekaniseringa vart fullført. Eg var i fleire år vinnkar, slåttekar, med tohestes Massey Harris slåmaskin og med sleprive. Eg påstod etter sommarferien at den eine handa var tøygd ned på okkelkulen, fordi eg måtte handetre slepriva i bakkane. Eg hadde til og med liten ljå, men særleg slåttekar vart eg aldri. Men sjøl for ein med slik bakgrunn blir dette rein kulturhistorie. Musealt, men samtidig i og for seg ei interessant "setting" for menneskeskildringane, i sær for dei psykologiske djupdykk som Per-bøkene rommar, og som gjer det slik at ein les frå bolk til bolk, jamvel om intrigen er tynn, nærast fråverande. Det er driv i sjølve utviklinga av Per. Ein veit dessutan aldri når Sletto slår til med andre og sprellevande portrettstudiar, med overraskande menneskeskildring og medlevande innsikt, ja reint ofte til og med humor attåt eit humør som nesten tar pusten frå lesaren.

Spørsmålet er om distansen blir for stor til at folk orkar å lese Per-bøkene, eller rettare sagt orkar å kome i veg med dei, og no tenker eg på andre enn opplyste hallingdøler som ser det som ei ærespunkt å lese sin store diktar.

Mye er gamalmodig, som sagt, og eg skal ikkje dvele ved det. Brokdagen, for eksempel, da tida var inne til å få gå med bukse etter mange fornedrande år i kjole, så skammeleg for ein gut at Per prøver på alle vis å skitne til blåkjolen. Temmeleg snøgt sansar me at Per Spegil er ein bevisst, liten kar. Som har utferdslengsel:

"Eg hadde aldri søkt ut lenger enn til ledet på denne kanten./ Men i dag skein soli so ikkje ein barkvist torde leda seg, ikkje ein tretopp kunde svaga og vogge. Vegen var steinut og brei og hyggeleg, han svinga um to graner og vart burte. Sjølv var



eg justsom so kåtleg all igjenom. Eg bar til å hoppe frå stein til stein./Litt lenger kom eg for kvart bykset, og eg fylgde vegen. Eg kom til eit vegryfte som var fint og flatt og der fanst ikkje ein stein, berre mjukt og tett smågras var det der. Då hoppa eg på einfot der, og gjorde vending fram og attende på den foten so lenge han orka bera meg. / Og no var eg komen i gang. So rusla eg eit lite stykke til på bae føtene.”  
(*Per Spegil*, s. 24)

Per er på veg ut i verda, på ein fot og på to. Han utforskar verda, slik ungar gjer det. Det er på det viset me lærer, og Slettos Per er på oppdagarferd frå første stund. Det er reint eit sug i den undringa over allting som fyller han. Det er nok av utfordringar til den tidleg utvikla intelligensen som særkjenner *Per Spegil*, ein sjølbevisst og rådsnar kar, som sansar og tenkjer og kombinerer nyvunne erfaringar. Assosiasjonane lekkjer seg saman og blir store fantasiar. Lauvsblad i bekken blir til føringsbåtar med smør til Branes.

No må me ikkje dømme om dette som noe anna enn det er, den mogne diktares transponering av eit erindringsstoff. Olav Sletto har eit klart prosjekt for Per-bøkene, både å meddele eit spennande emne og skape spekulasjonar om det ikkje er meir samanheng mellom Per og Olav enn det er vanleg å tenkje seg mellom forfattar og forfattarskap. Men det som fører oss umerkande inn i fascinasjonen er eit truverde som bygger på Slettos egne røynsler.

Han prøver, ja lykkas for den del, å få oss til å tru at dette er Pers tankar og opplevingar, nærverande og ekte. Leiken er den måten barnet øver seg til den vaksne livet på.

Det er eit klokt og smart forteljeteknisk grep å bruke ein gutunge som medium når Sletto skal få fram undring både som allmenn eigenskap hos barn, og her som forsterka

eigenskap hos vesle Per. Og dermed er eg inne på den andre sida av Slettos prosjekt.

Han bruker Per som alibi og årsak til å fortelje om seg sjøl, eller rettare å forklare kvifor han sjøl vart som han vart. Per-bøkene er ein rapport frå den "diktarskulen" Olav Sletto gjennomlevde, og slik gir han oss forklaringar på kvifor han vart slik han vart. Rettare sagt, forteljingane om Per syner oss den dikteren som Sletto ønskte å vere. Og slik han bevisst har definert si oppgave som diktar og forkynnar av livsverdiar, i andre bøker, i intervju og i artiklar, jamfør *Årbok 2002*. I *Per Spegil* er det den 53-år gamle forfattaren, med ei lang rekke bøker bak seg, som forklarar i det minste for seg sjøl, men vel òg med ein tanke på at andre skal oppdage det, kvifor han vart ein sjåar, ein åndsaristokrat, i nokon mon distansert frå mye av den tidstypiske samtidslitteraturen.

Hos han er det ikkje tillært. Det er ein givnad han ikkje kan noe for. Han "ser" og som diktar tar han ansvar for det han ser.

Slik blir Per-bøkene dei viktigaste elementa i det sjølportrettet Olav Sletto, bevisst eller ubevisst, ønskjer å gi ettertida. Sletto er skulptør av sin eigen statue, og Per Sjøøl bekreftar at han, den store dikteren, åndshøvdingen, som halvvegs er synsk og sanndrømt, fortener ein statue. Men det er det besnærande og avvæpnande ved denne sjøldyrkinga at biletet ikkje bare er glansfullt og positivt. Dei mindre rosverdige sidene kjem fram og det i temmeleg openhjarta utforming. Ein stor mann har også negative sider, sjøltenkaren er sjølkjær og ærekjær. Om det er sant, reint biografisk, veit ikkje eg. Det er sant litterært som grunnriss for typebygging.

Kan eg få legge til at me ofte er redde for å gjere store menneske mindre ved å finne ut at på mange vis er dei akkurat som oss andre, og av og til på visse felt mindre til medmenneske enn

ein skulle venta etter det dei skriv. Me er så redde for å rive dei ned frå pidentallen og dermed øydelegge vår beundring eller rettare vår oppleving av dei som store, skapande menneske. Me skulle ikkje vere redde for det. Olav Sletto torde gjere seg større enn samtidskritikarane og førande urbane forfattarkollegaer likte, og fekk svi for det. Vår oppgave er å plassere han tilbake i det format han hadde, og det ruver sanneleg om vi held oss til dei beste bøkene hans. Derfor toler han godt mine puslete striper i lakken, om det eg har sagt blir oppfatta slik

Per har uvanlege evner, nesten overnaturlege, og har evna til å skape vidløftige fantasiar, av og til reint dramatisk skremmande. Det er likevel merkverdig lite uhygge i Per-bøkene. Ein skulle ha venta meir av slikt, men den barndomen Per gjennomlever er harmonisk. Det er mye logn ro og trivsel hos bestemor og bestefar til Per, klokka tikkar, skumringstimen kjem, det lyser frå åren, snøen fell, våren kjem med solrøyk over bygda, skulen er ein god stad for Per etter at han vinn over leseskrekken og får utteljing for sine boklege evner. Dramatiske omstende i ungeflokken, sjølsagt, vinnarar og taparar og kamp om jenter og ære, men det er slik det skal vere.

Besteforeldra til Per er nesten for gode til å vere av denne verda. Men besteforeldre var vel slik, før i tida. Eigentleg trur eg avstanden i tid har forgylt Slettos erindringar. Iallfall ønsker han å skape eit vakkert bilete av Pers oppvekstkår og av dei to som står han nærast. Det er eit innlegg frå skulemannen Olav Sletto om at mennesket treng ei trygg ramme rundt seg i barndomen. Men elles vere frisleppte, slik det er med Per. Han får fritt utfaldingsrom. Han utviklar seg og veks i pakt med den etiske styringsreefleks som Sletto vel meiner fins i eitkvart menneske. At vesle Per attpå er ein omframt unge med

uvanlege evner, gjer behovet for romsleg armslag dess større. Samtidig underslår Sletto aldri at det fins tilløp til hovmot i vesle Per, ærekjær er han òg, sjølgod og sjølbevisst. Han bygger alter og er ein bibelsk figur i leiken, ein vakker og attraktiv skapnad som jentene syns om og gutane misunner.

Gamle Ingibjør, som har mangt for seg, og har evner til å lytte til det som fins i det som ikkje fins, og forstå teikn, har fortalt bestemor om Per. ” – He he glumsa ho ... Ho var so i veret i dag. Ho hadde drømt so rart um de! / Jau då, ho hadde drøymt. Ho kom til eit hus på ein framand stad. So stort hus hadde ho aldri set i sin levedag, glasi glitra i fleire rekkjor over kvarandre. Ho talde og kom til halvtridje tjue på eine langveggen. Då opna seg det eine glaset. Ein stor vaksen mann luta seg ut. Du må gå inn, Ingibjør! Her bur eg, og du må sjå koss eg har det! sa han. Då kjende ho deg att på ein blink. / Dæ va du Per som budde der, smålo bestemor. No rørde bestefar seg i stolen. Han lo høgt. / - Ho spara ikkji husrummet når ho drøyme, ho Ingibjør, let han.” (*Per Sjøl*, s. 124)

Det eg ikkje veit noko om, men som eg ser fleire har grunda på, er kvifor Olav Sletto i fysisk forstand forlet besteforeldra, som han må ha sett stor pris på, utan å oppsøke dei med jamna etterpå. Unnseier han seg sine eigne, si eiga slekt, sin eigen fattigslege grendebakgrunn? At besteforeldra, som omsorgspersonar og som modellar var med han, i tankane, fins det liten tvil om, etter Per-bøkene å døme. Men her ligg det vel årsaker eg ikkje kjenner, og som eg heller ikkje treng kjenne, hadde det ikkje vore for det at biografiske holrom alltid er dei mest spennande.

Per-bøkene er episodisk oppbygde, men Per er hovudpersonen og Olav Sletto gjer med han som han vil. Eg saknar ikkje den stramme komposisjonen, men så hører eg heller ikkje til dei

som smattar på litteraturen for å kjenne den kompositoriske disiplin. Tvert om syns eg det episodiske gir dei fire bøkene ein eigen sjarm, eit preg av liv, og dessutan gir det Sletto ein makelaus sjanse til å gjere sine innkast, anten det som sagt er kulturhistoriske glyttar, bygdehistoriske refleksjonar, eller portrett og psykologiske djupdykk.

Gjer eg Olav Sletto til ein tråkig moralist? Da slår eg meg sjøl på kjeften. Han er ein stor forteljar, og ein forteljeglad forfattar. Dramatisk er skildringane i *Per Stavlang*, der Per er gjetar på Helgeset saman med Storedundra, og episodane med Hølgi på Sjøpåtølen som kamerat og konkurrent, er intense. Hølgi er ein veslevaksen kar, som kopierer vaksne i kjeften, er full av tullstykke og påfunn, skrøner når det høver, finn på, og har også den vaksnes evne til å gå reint i vranglås, bli hemngjerrig.

Botsvarten, oksen, som blir bergteken av Storedundra, - eit kjærleiksdrama for seg, som endar med at oksen må skytast etter å ha vorte forstyrra reint. Sletto har ei kjelde å ause av. Som bygdemenneske veit eg at tilfanget fins i barndomens rike, og på folkemunne. Eg hugsar livsfarlege oksar frå mine sæterfjell. Dei bar farlege namn etter den tids nyhendebilde, ein var Mussoline, brun og mannvond, ein annan Stalin, raud. De ventar kanskje ein tredje, svart, som Hitler, men det var for fælt. Men ein stripet hadde me, og det med fullt overlegg med tanke på eigaren.

Det er godt mogeleg at det er meir omskrive og kjent enn eg veit, men eg trur ikkje folk flest vil seie at Olav Sletto er noen stor humorist. I Per-bøkene er han det. Det glitrar av morosame og slagferdige ord og uttrykk og formuleringar. Ungane kopierer det vaksne har sagt. Det har tydelegvis status å vere slagferdig, det blir omtala, det er fint å kunne etterape. Ikkje alle er like flinke. Tøsten er erfaren som julebukk. ”Knepet var at ein gjorde seg ukjenneleg,

fortalde han oss. No trudde han at han hadde lært: Setja anna mål i seg, og segja at ein var ifrå Haland, då var det ikkje råd for nokon å kjenne ein. / Han let oss høyre dette andre målet. Det var svært grovt og djupt, sume ord lydde som i leseboki, jeg og mig sa han. So det var ukjenneleg nok. ... Embrik feista med å svalle jolebukk like etter, men det var han Embrik som det hadde vore det. Jamvel tunghøyrde måtte skyne det var han og ingen andre.” (*Per Sjø*, s. 121.)

Dei hadde ikkje fjernsynet å herme, ungane på den tid, men dei hadde embetsspråk og litt bymål og andre dialektar og dessutan riksmålet i skulebøkene, for ikkje å seie Bibelen. Pers leiting etter Korahs børn er strevsam, men lykka stor når han ser at dei fins!

Per observerer, lyttar og lærer. Han har rollefigurar i nærmiljøet sitt, og er alltid bereidd til å ta inntrykk med seg inn i sin eigen kvardag. I slik samanheng er den vesle studien av Pål, som har ”kjeringi på kvinneføreining” og trøstar seg med ølbollen, makelaus. Pål er god og full, ikkje reint stø i ganglaget, men stø i talen, og er romsleg med gode råd: ” – Anten dengji karadn, elso lata dæ heilt vere, slo han fast.” Han lærer Per å bruke slagnumb, og håret blir klipt – det er Pers ærend – etter temmeleg hardhendt behandling. ”Han la saksi på bordet, steig ut på golvet og augnefor meg rundan um. / - Dæ kunna ha vøre klypt verre, roste han. / Me drakk av ølskåli... Og etter på ny å forsikre Per om at kjeringi er på møte og tenestgjenta ikkje er heime ho heller, følgjer Pål med Per eit stykke på veg. Ved synet av bygda, med gardar, skogåsar, fjerne fjell og stålis nede i dalbotnen, renn ølet i sentimental lei.

Desse linjene er så godt sett og så sant fortalt, at Sletto måtte ha opplevd det. Om han sjøl har vore full i den sentimentale fasen, veit eg ikkje, men hør korleis det lyr: ”Han Pål stirde langsynt og liksom i mange tankar. Tagde. Pusta

tungt gjennom nasen. Og det var som det auka upp inne i han, han lyfte bringa og rakna i veret. / - Venare bygd har e ikkje set e før min del! Sa han. Det lydde som han var vreid. Han nikka morsk ein par gonger, slo det fast. Men han tagde att. Langsåg og nikka. Gong på gong nikka han. /  
- Dette æ Nøri! Bura det ut av han. / Eg kvakk. / Tårone rann ned kjakane på han, såg eg. Han stod der og skalv um munnen og tyktes sanke upp i seg ein ofse vreide. Høgre handi lyfte han meir og meir til vers. / - Dette æ Nøri, her ser du dæ! Bar det laust som eit skridebrak. Han snykta i med eit hikst og svelgde gråten. / Høgre-handi kom meir og meir til vers, han knytte den digre neven og veiva høgtidleg att og fram. / Dette æ dekelen danse me gamle Nøri! Svall det i so det runde utover bakkane.” ( *Per Sjøl*, s. 44.)

Og dermed er eg framme ved noko av det som gjer at eg plasserer Olav Sletto i fremste rekke som forfattar, den evna han har til å skape levande mennesketypar med korte, konsentrerte riss. Desse reint minimalistiske glimt opnar seg i ettertanken og veks til levande og innsiktsfylt litteratur. Skal me nyoppdage han, og få dagens menneske med oss til å fatte kva dei forsømer om dei ikkje brukar litt energi på å oppleve hans romankunst, må me lokke med dei originale hallingdølene som Sletto forlystar seg med. Her er stutte miniatyrar som vitnar om hans fint avstemte evne til å berrlegge menneskesinn. Han gir liv til mennesketypar som også i dag fins i kvardagen ikring oss, folk med tverrkast i lynne og dobbeltbotna sjel.

Det er mellom anna slike små skjebneskildringar som røpar dimensjonane i forfattaren. Iallfall er det der eg vil sette nyoppdaginga i gang. Det er mange å nemne. Pål er berre ein blant fleire. Amerikabrevskrivaren med bibelkunnskap og kansellispråk som broderer seg frå punktum til punktum, Sevat Nistuggun, den brevsynte hagemannen med

si dokumentmappe og sine frøposar, ein annan. Studiar i menneskesinn! Sindre slåttekar! Ein drivande lausarbeidar, som ber med seg nederlag frå kampen mot bokstavane, altså ein tapar når det gjeld lesekunst. Ein ungar og åleinemann, som gjerne vil vere storspelmann, stordansar og godkar, som diktar seg styrke, og som tar for seg ”svinehundadn, bikkjudn! Kom her skal e krøsjå dikkon små! ... fordømde tjuvepøsadn ... kyss meg i bakevja heile hurven! ”, stor i ord når han kjem full heim etter laurdagsdans, eller har eit lite einmannsshow i dugnaden i gildet hos han Knut (*Per spelmann*, s.99). Folk ønskjer å bli bekrefta, forstått, i det minste sett. Olav Sletto får fram det store behovet for ros og godtakande anerkjenning som desse menneska har, og Per – gutungen – forstår det og veit å gi det dei treng. Derfor seier òg Sindre ” - Du æ ein flettande snill kar, du Per! ... Du æ ikkje verst du når'n bli kjend med de!” (*Per Spegil*, s. 147).

Den store og grovbygde Storedundra er ikkje lett å få ut av minnet. Ho er grov i mål og ord, gjømmar seg i karsverk, har eit skremmeleg sinne, eit raseri som gir seg fysiske utslag og går hardt utover husbunaden. Det er ein kjenslestorm som nærast fer gjennom henne som ei sjelereinsking. Ho vil så gjerne bli omtykt, elska, ha drag på karane, men veit nok korleis det er. Det er ikkje som kvinne ho er omtykt, men som arbeidsjøn, som fer bygda ikring med tungarbeid, med baking og vask og slikt som trengs skal det bli gjestebod, der ho sjøl ikkje er beden. Men ho êt høle, som me seier det, tar lett inn over seg ros og skryt, og har ikkje den minste evne til å skilje mellom falske godord og oppriktig anerkjenning. Hølgi frå Sjøpåtølen, som ho mistrur og mislikar, snakkar henne trill rundt, slik at Per kan bli med på fisking. ” - Dæ æ nøk som du sa lell! Kasta han ut og var lys i målet .. Ho æ snill! / Då skratta Storedundra i full godlune. / - Har'n Per sagt at e æ snill? Frega ho. / - Ja, va dæ noko



gale i di då? Sa han forundra. / - Å hå, våla ho... Du Hølgi blir ein fårle ein med gjento, når du blir stor! roste ho.” (*Per Stavlang*, s. 87).

Storendra er umettande når det gjeld dette med gjentelukke, og alt i eitt kjem ho inn på dette som fins mellom gut og jente, med antydningar nærast av erotisk karakter. I den samanheng blir hennar tilhøve til Botsvarten, oksen, nærast ei stadfesting av den vonlause kjærleikslengten. Dette er dramatisk fortetta og eit mørkt innsyn i eit forsmådd kvinnesinn.

Osvald Medhus viser i *Årbok 2002* til noe Olav Sletto har fortalt. ”Den gode venen hans, Alf Larsen, meinte å ha funne ut at han hadde særskilde evner til å skildre det erotiske. – I så fall tok Olav Sletto ikkje dei evnene i bruk i diktinga si. Det var nok heilt bevisst, trur eg. Seier Medhus, som siterer det Sletto skriv i 1938.

”Kva hadde vore i vegen for at eg kunde ha teke kynslivet til hovudmotiv i mine bøker – eller sosiale – eller i det heile retta meg etter Oslo-kritikken, og fått – dei andre med meg. Berre eitt var i vegen, eg kjende at mi oppgåve var av heilt anna slag.” (*Årbok 2002*, s. 28 og 29.)

I Per-bøkene fortel Sletto sitt eige liv - utan større forkledning, skriv professor Bjarte Birkeland i *Norges litteraturhistorie* ( bind 4, s. 577.) Kanskje blir det reint avslørande i slik samanheng å påstå det eg gjer, at han er ein sansenær og likevel sansevar erotisk skildrar, som maktar som få å få fram at også slike kjensler inni all uerfaren og såleis forsvarslaus blygskap fins i rikt mon. Ryggtalet med Berta, tenestjenta hos klokkaren, ein tidleg morgon i skulestua, er ei varm og truverdige skisse om halvvaknande kjensler hos den vesle Per og meir medviten lyst hos ei ungjente, som leikar med elden. ” – Men Herregud, Per! Kjem du so tidleg? Sa ho kviskrande. / - Luringen din! Mora ho seg ... Du vilde vere

åleine med me, du... den tid e legg i øbn...! Ho vitta med finger... Kom då!.... Ho tek ryggtak med han, dreg Per inntil seg og bryt han ned, bit han i haka, men ikkje så hardt at det gjer vondt, som det står ” – E ska spare de te du bli større, kviskra Berta og tenkte seg um. Men ho beit litegrand ein gong til.... – Du kjem alder te å få gå i fred, sa ho svært stilt /Raskt lutte ho varme kinnet inn til mitt....” (*Per Sjøl*, s.49 og 50).

Me møter desse forsiktige streif av spenning mellom jente og gut også seinare, under leik i friminutta på skulen, for ikkje å seie på isen, i siste boka om Per, i opningskapitlet av Per Spelmann, der Anne og Sigrid og Per gjer svingar på isen og leikar med kjensler. Det er nettopp slike bevis for innsyn og kjennskap til barnesinn og ungdomssjel som gjer Per-bøkene til noe anna enn vaksenobservasjon og redigert erindring. Det gir dei liv, beinveges.

Per Spelmann, siste boka om Per, er kanskje vel mye prega av oppsummering, avslutning. Olav Sletto har fått det for seg at han må knyte alle endar. Det gjer boka meir refererande enn dei tre andre, der eg-personen er i stunda og i hendinga, så me kjenner pulsen. Ein kan seie dette er ein veikskap ved den avsluttande romanen, men eg for min del syns eg fortener å få følgje somme til vegs ende, så nær har dei vorte. Steidn og Sevat dør og barndomskjærasten Anne må reise til Amerika. Det er aldring og død på den eine sida og førebuing, oppbrot og utferd på den andre. Per blir konfirmert, les engelsk og tysk med prestefolket, får fele og koffert. Det er med han som med fleire, han vil ikkje reise, men han har liksom ikkje anna val. Andre har valt for han, forresten, funne ut at han har evner som gjer bygda for trong.

Sjølve utferda er skildra så varleg og fint at iallfall eit bygdemenneske som eg sit att med ein klump i halsen.

Eg minnes egne haust dagar, da bygda låg att og skein med gylne åkrar og gjorde seg vakrare enn noen gong, og likevel med ein pust av haust. Ein snek av farvel i lufta. I parentes sagt eg fór på hybel 14 år gammal, og er vel ekstra nostalgisk av den grunn, enda så rettidig det var å kome seg ut. Per går runden og helsar farvel, og på sjølve reisedagen orkar ikkje bestefar å vere heime, han finn seg ærend til Helgeset. Bestemor må vere formidlar og tole det. Ho kan stå med bunding og ha noe i hendene til kamuflasje. Ho treng det, så tung er denne stunda: ” - Ja, goffa din æ nøk ikkje heime, tala ho ned i bundingen.

Klukka seks for'n te Helgeset ... Han ørka ikkje sjå at du reiste. E skulde helse. ” (*Per Spelmann, s. 300.*)

Heller ikkje Sindre slåttekar er sjå, han har gjømt seg. Så er det bare Per og bestemor da: ”Vegen laup inn skogen, eg kunne sjå han burt til grankrullen, men der vart han burte. Eg sette nistekufferten ned, og i det same kom bestemor med handi. Ho var bleik. Um kjakane og munnen hadde lagt seg noko stivt. / - Må leva so vel då ... Ho skalv i målet ... Lykkeleg reis! La ho til. / Eg bøygde meg svint ned etter nistekufferten. No hasta det, no måtte eg gå. ” (*Per Spelmann, s. 302.*) Pers barndom er over. Den vaksne verda ventar. Etter det såre, nærast usagte farvel, der vemodet legg ein grunnfarge over haustdagen, hastar det må kome bort og vidare. Slik sluttar boka: ”Elvi strøynde. Hasta på. Hasta ut dalen i tung drått. Ho kunde ikkje stanse meir. Ho måtte og vilde til havs, ho hadde ikkje annan heim. / No kunde ho aldri stanse så lenge ho var til”.

Det er freistande å dra paralellar til dagens situasjon for bygde-Norge. Dei unge reiser, dei gamle blir att. Jamføringa kan vere interessant, men bare rett i sterkt forenkla form, og iallfall ikkje gagnleg. Men ho fortel at Olav Sletto har makta å gi liv til noe av sjølve det tidlause og

allmenngyldige som følger oss menneske, og forfølgjer oss, som vår skjebne. Vi brytst mellom å vere flyttfugl og å vere bufast.

Den som bryr seg med å lese Olav Sletto får løn for strevet. Eg hadde gjerne sett at Sletto-selskapet makta å skape så mye blest om han at moderne lesarar verkeleg leita seg fram til dei beste bøkene hans, og at moderne kritikarar og litteraturforskarar gjorde han til emne for større arbeid og rydda skikkeleg plass til han i norsk litteraturhistorie. Det må enno vere visse mytar som lever og gjer Sletto utilgjengeleg, (må ikkje tolkas bokstavleg, ville Sevat Nistuggun ha lagt til). Det er som kjent vanskeleg å avlive mytane. Sletto måtte forresten vere dårleg PR.-mann for sin kunst, etter det eg kan forstå. Han må ha framstått som ein slags halvreligiøs åndssnobb, som ville femna heile verdskulturen med det som samtida oppfatta som eit begrensa talent. Han hadde eit engasjement som verdikonservativ kulturberar og i den samanheng ein patos, som nok var ekte, men som eg fryktar vart mistydd. Han gav ut bøker under okkupasjonen, Per-bøkene mellom anna, og stod ikkje i eitt og alt saman med isfronten mot tyskarane og nazistane. Han var ein romantikar, på mange vis, lett å slå i hartkorn med litt hugsåre og mistydde bygdegeni, som hovudstadskritikken bare brukte sneiord om, eller oversåg fullstendig. Han var forresten ikkje alltid like snill mot sine eigne heller. Malisiøst, som det står ein stad hos Bull og Paasche, samanstilte han Olav Aukrusts *Himmelvarden* med ordbøkene til Aasen og Ross. Og han tillet seg å kritisere sjølvaste Garborg, landsmålguruen framfor noen, for å skrive dagbøker og dermed redigere seg sjøl inn i si eiga samtid.

Er det åleine-guten, den veslevaksne Per, som går og held Olav Sletto ved hand og gjer han mindre sosialt vaken

og meir aristokratisk høgferdig enn godt er, og såleis skyggar for den stordom som faktisk Sletto representerer som forfattar og diktar?

Er han alltid ein liten Per som går sine egne vegar, bygger sitt eige alter, og skaper si eiga verd, på distanse frå den røynelege? Eg undrast, for det er eigentleg den einaste måten å lære på. Det har mellom anna dei to karane, Per og Olav, lært meg.

## **Bestefars lommebok**

Av Evalill Sletto.

Jeg var mye på Geilo som barn og tenåring, i alle ferier og alltid i påsken.

Mormor og bestefar var flyttet fra huset på Geilo til aldersheimen Geilotun.

Mine to fettere og jeg var mye i huset på Geilo i påsken, og vi besøkte da selvfølgelig bestefar på Geilotun. Bestefar gav alltid litt penger til oss da vi besøkte ham. Når mine fettere hadde fått sine penger som takk for besøket, takket de for seg og gikk.

Jeg derimot gjorde ikke det – jeg syntes det var hyggelig å være på Geilotun. Bestefar og jeg gikk mange turer. Han spilte litt fele for meg også.

Så var tiden kommet til at bestefar også skulle gi meg penger. Det var så spennende da han tok frem sin utrolige lommebok og brettet den ut igjen og igjen. Den var så lang syntes jeg, hadde aldri sett en slik lommebok før (ikke senere heller). Jeg måtte spørre bestefar hvor han hadde fått den fra, for jeg syntes den var veldig fin.

Bestefar svarte at det var hans kjæreste eie, for han hadde fått den av Bjørnstjerne Bjørnson i konfirmasjonspresang. Jeg ble

jo veldig imponert og spurte hvorfor han fikk gave av Bjørnstjerne Bjørnson. ”Det er min hemmelighet”, sa bestefar. Da jeg var i Hol i august 2004 besøkte jeg Slettorommet – og der lå lommeboken! Den brakte frem mine gode minner. Jeg så ham sitte på Geilotun og brette ut sin lommebok for at vi barn skulle få ”litt å rutte med”, som han sa.

Oslo 6/9-04.

Evalill Sletto (Vesle Eva som bestefar kalte meg)



Evalill Sletto og Arne Skogheim ved arbeidsbordet på Sletto-rommet.(Foto:Barbro Aasen)

Frå medlem nr.004, Osvald Medhus:

## Eit brev frå Olav Sletto

I 1946 kom Olav Sletto attende til heimbygda si og tok i bruk huset som mor hans hadde ått.

Han fekk 17 produktive år her; elleve bøker vart det -- med i alt 2702 sider.

Då fjerde bindet av Siljubøkene kom i 1949, tok eg mot til meg og skreiv til Sletto. Eg måtte fortelja kor oppglødd eg vart ved å lesa desse bøkene hans.

Svarbrevet 23/12-1949 lydde slik:

*Kjære Osvald Medhus.*

*Hjarteleg takk for det vensame og forvitnelege brevet eg fekk frå deg ei tid sida.*

*Det er slike lesarar som deg eg treng for det eg skriv. Og det gjer meg godt høyre at det finst sume som har glede av bøkene mine. Det er so lite ein fær veta um det, ein må freiste vera modig og tru so godt ein kan.*

*Aller beste ynskje um signa jol og godt nyår.*

*Hjarteleg helsing            Din*

**Olav Sletto**

Frå medlem nr.030: Eit 50-års minne:

*Geilo 22.12.45*  
Børrehaug & Remen, Oslo

*Kjære Tomas, Roagnild, Turvi.*  
*Med ynskje um god jol*  
*og atter eit signa år!*  
*Hjarteleg helsing!*  
*Ravi, Olav.*

I "Hallingdølen" for laurdag 29.april 1961 finn vi ein samtale som Arve Kværnum hadde med Olav Sletto, der dei samtalar om arbeid og kvile, og der forfattaren m.a. kjem inn på at

## **Den gamle bondekulturen vår hadde mykje sams med indisk yoga.**

---

-Korleis kunne du rekke alt dette?, spør eg.

- Det kan eg lett fortelja. Eg lærte noko av det viktigaste om arbeid og kvile før eg var 18 år. Ein bokorm hadde eg vorte alt då. Eg fekk tak i bøker der eg lærte ymse om psykologi, til og med om korleis ein kunne finne kvile i arbeidsståket.

- Men korkje psykologi eller avslapping var vel eigentleg "oppfunne" så tidleg?

- Ikkje som ord, men elles er kunnskapen om menneskelivet og den naturlege vekslinga mellom arbeid og kvile truleg noko av den eldste vitskapen som fins. Eg var tidleg interessert i religionsfilosofi og kom borti ei bok om yoga. Det var ikkje store boka, men ho gav meg likevel den beste rettleiinga eg truleg kunne ha skaffa meg i den alderen. Då fann eg ut at det låg mykje yogavisdome i den gamle bondekulturen. Det var ei livsform som gjennom ættled etter ættled var bygd opp på måteleg arbeid og måteleg kvile – helg og yrke.

- Opphavelig er vi vel mykje i slekt med inderne som har utvikla yogaen til ein verdfull livsfilosofi som vitskapen i dag berre kan seie seg samd i?

- Truleg nok, vi er av same folket. Døme på det finn vi att i språket og mykje anna, og for å nemne noko vi reknar som heilt særnorsk, stavkyrkjene som har stor likskap med dei indiske templa. Ikkje betre enn eg kan skjønna, så inneheld den gamle bondekulturen vår mykje av den indiske yogaen som ikkje berre er filosofi, men gir praktisk rettleiing om korleis kropp og sjel kan nyttast, mykje meir enn vi veit om.

Eg kan nemne korleis bestemor mi sat og kvilte sommarstid. Kvar gong ho skulle ha ei kvilestund, sette ho seg godt til rette på ein krakk med armane framover og hendene på knea. Og så sat ho der og einstirde utover fjorden når han "glidde", låg der småkrusa og glitra. Då liksom gøymde ho seg sjølv, stansa tankane, og ho var så visst ikkje plaga med å få slappa av musklane. Det hadde ho lært av si eiga beste-



mor, fortalde ho. Og når bestemor sat slik, svaia ho med kroppen. Den same vogginga høyrer med i ymse yogaøvingar.

-Du nyttar ordet "einstirre". Kan det ikkje seiast slik at dei som hypnotiserar eit menneske til å sova, brukar same knepet med å få pasienten til å "einstirre" på visse ting?

- Det er visst heilt rett. Hypnotisk svevn har truleg vore kjent av såkalla trollmenn og medisinnmenn innan alle kulturar – til og med i norsk bondeliv. I våre dagar er det vorte ein høgt utvikla vitskap med mykje innvikla teori, men tenkjer vi etter, er det heile ikkje bygd på noko vanskelegare enn det som fann naturleg i gamle dagar. Våre forfedre hadde i sine kvilestunder funne fram til denne "einstirringa" som gøymer heile grunnlaget for all slag hypnose som folk i dag ser på som eit uforklårleg inngrep i sjelelivet.

- Men om vinteren når det var kaldt og is på fjorden, kva gjorde ho då?

- Då var det den åpne elden på peisen som spela same rolla som fjorden i gidding. Det var mykje helsebot i ei slik kvilestund som dagleg vende attende i ei fast rytme. Og så lenge bonden levde sitt liv i pakt med dei naturlege livslovane eller vi kan seia lova om kvile, åtte dei eit rikt sjeleliv som ga ei sterk helse, åndeleg og kroppsleg, og løyste ut individuelle gåver og særdrag i karakteren.

- Men så var det vel slåmaskinen som kom og skipla denne livsforma?

- Truleg byrja det så smått då, men eg trur slåmaskinen ikkje var fårleg i så måte, for det var den godslege Blakka som var trekraft den gongen. Maskinane hadde ikkje heilt sigra enno.

- Men så var det nok sikkert traktoren då?

- Ja, med motoralderen vart livsforma for alvor omskapa i bondesamfunnet. Då rausa det liksom på etter kvart med nervøst jag og mas, og då vart bonden **p r o d u s e n t**. No i dag finn du snart ikkje att ein bonde som er **b o n d e** i den gamle tydinga av ordet. Og no trur eg at bøndene kan tevla med kva yrkesgruppe det er om dei fleste tilfelle av yrkesnevrose, magesår og alt som vondt er, og som alt saman har si rot i at folk ikkje har **t i d** til å kvile innimellom for å byggja seg opp att.

- Men traktoren kan då ikkje jagast or landet? Og produsentane må produsera og selja.

- Ja visst, det nyttar ikkje å skru attende tidsens vet eller vetløyse, så det einaste det kan vera mon i, er å finne fram att kvilevisdomen og det rike sjelelivet frå det gamle bondesamfunnet, leita fram og nytta det beste frå dei gamle livsformene og la det få ein plass mellom traktorar, motorsager og ”skurtreskernerver”, seier forfatteren Olav Sletto til slutt.

Arve Kværnum.



Besteforeldra til Olav Sletto, Jens J. Sletto og Birgit O. Sletto, med Olav og systera Jenny mellom seg. Dei andre på biletet er Guro og Kari Sletto, borna til Jens og Birgit.

Olav og Jenny vaks opp hjå besteforeldra i Sletto. Biletet er teke om lag 1898,

Då Olav Sletto fylte 70 år, den 21. juni 1956, heldt sambygdingane hans fest for han på Geilo. Forfattaren avslutta samværet med ein fengslande tale som slutta slik:

## **EG ER TAKKSAM.**

*Eg er takksam* for at eg fekk vekse upp på ein stad som låg høgt og hadde mektig utsyn: Det fyrste eg såg um morgonen og det siste um kvelden var Skarvet i si ro og i sitt velde. Dagleg fekk eg leva ands andlet med dette store høgtidelege naturbyggverk, og det kom til å verke inn på meg for all levetid seinare. Det stilla inn både mitt ytre og indre auga, umedvete for meg sette det merkedrag både i hugen og tankane. Men eg vart femti år før eg fullt ut skjøna dette at landskapet har sjeleleg verknad.

*Eg er takksam* at eg arva ei grunnmura helse. Kanskje må eg segja at eg arva ein seig styrke. For fyrst i fireogfemtiårsalderen kom dette dei kalle sjukdom og helsa på meg, føre den tid visste eg ikkje kva sjukdom var. Ofte har eg høyrte andre fortelja um veike og såre barndomsår dei har havt, um sjukdomshindring i ungdomstidi og alle slag gråe minne. Eg slapp alt dette. Og tykkjer det er underleg. No sytti år gamal fær eg lov å minnast oppvokster og ungdomsår som noko fargerikt og syngjande.

*Eg er takksam* for at livet spara meg for ytre mangel. Alltid hadde eg det naudsynte etter rimelege krav. Korleis det enn vende og snudde seg, det som verkeleg trongs i det ytre for meg, det hadde eg stødt. Dette gjorde meg merkeleg trygg, eg fekk som ei fast tru at slik s k u l d e det vera, - slik var det avgjort at det skulde vera. Eg kunde arbeide utan indre otte, fekk til og med stå heilt utanfor pengejaget i mi tid. Det var ei forsynstru som bar meg til alle stunder. Eg minnest kor ofte eg har site millom kunstnarar og pennens folk og høyrte dei fortelja korleis fatigdom kua dei i barndomen, korleis permanent armod kraftstal dei upp gjennom ungdomen. Eg måtte tegja og sanne i det stille at livet hadde spara meg for dette, mot meg har livet vore mildt, alltid hadde eg liksom ein mild vilje bakom nakken, dei vegjer eg s k u l d e gå stod opne, dei vegjer eg i k k j e skulde gå

var stengde på anna vis....ikkje av ytre mangel. I alle fall hadde eg den lukka at eg kjende det slik.

*Eg er takksam* for at livet spara meg for penge-overflod i ungdomen. For meg hadde penge-overflod den gongen vore fårleg. Som for dei fleste andre. Festmennesket hadde lett kunna teke herredømet over ein som meg, eg ser godt det. Festmennesket i oss slakkar gjerne arbeidskaren i oss, verkar fort til at viljestålet slørnar. Pengeoverflod gjødsjar so lett ugraset i våre unge år...just dei år då livet skal vera trening. So eg er djupt takksam at eg vart spara og for dette.

*Eg er mykje takksam* mot profeten Daniel, han lærde meg ei viktug livskunst i elleveårsalderen: Han lærde meg å sky den store e v n e – f i e n d e n og å n d s f i e n d e n alkohol. Daniel fekk meg til å binde ein lovnad: ikkje ta inn alkohol eller nikotin før eg var femogtjuge år. Det er det visaste eg har gjort. Med dette fylgde og e i d j u p l o v f o r å n d s v o k s t e r ...men skjønna ikkje den lovi før eg var tretti år. Eg visste ikkje kva eg gjorde, men eg fylgde Daniel og gjorde rett.

*Eg er takksam* mot livet at eg i fullvaksen alder vart kjær i ei kvinne på den gamaldags sjelebundne måten, fekk henne eg vilde ha, og med henne min eigen heim. Og fekk røyne at heimen er styrkebeltet.

*Eg er takksam* for at eg heilt frå ung av fekk ha ei klår kjensle at ei åndeleg verd står bak materien.


*Eg er takksam* for at livet spara meg for å hata, eg slapp å hata noko menneske. Fyrst mykje over femti år la eg sjølv merke til dette, og då skjønna eg kor overlag ei gåve eg hadde fått med på vegen berre i dette eine.

*Eg er takksam* for at eg aldri har havt nokon personleg fiende. Mange har hindra det eg rekna for mi oppgåve, det er sant. Mange har dytta meg ut i kroken, men det måtte dei ha lov til. Det var mi livssak og mitt livssyn og mitt kunstsyn dei hadde imot so mange...dei ikkje kunne godkjenne. Meg personleg møtte dei både høvisk og venleg. Det var bodskapet mitt som diktar dei fann so lite up to date, so lite

brukeleg i ei sosial kamptid. Tidi var uåndeleg realistisk, og dei kalla meg mystikar mange, men eg trur enno at dei visste ikkje rett kva dei gjorde.

*Eg er takksam* for at kvar gong det møtte meg dette her dei kallar ”motgang” til dagleg, då synte det seg at det var ein motgang av eit heilt sereige slag: Det var ein motgang som var medgang. Den verkeleg og sanne og uskjønelege medgang var det som låg i motgangen. Dermed kjeda livet mitt seg soleis i hop at det vart ei ubryteleg lenkje av medgang...ofte ein medgang som hadde indre so å segja usynlege mål, men medgang frå fyrst til sist. Dette er det som mest må forundre meg no eg er sytti år.





Forfatteren Jul Haganæs frå Aurdal i Valdres vart på årsmøtet 2004 utnemnd til den fyrste æresmedlemen i Olav Sletto – selskapet. Haganæs gjorde på Sletto-seminaret i år 2000 framlegg om at det burde skipast eit litteraturselskap for å fremja interessa for Olav Sletto si dikting.

Jul Haganæs var styremedlem i selskapet frå skipinga i 2001 og til årsmøtet 2004.

Her sit Haganæs på Olav Sletto sin bergstol på Kambenuten og syg inn dei same inntrykk som Olav Sletto hadde då han såg ut over den vene Holsbygda.

HØSTFABEL (frå Jul Haganæs si siste diktsamling "Nattens bilder" 2004)

Det var dager  
da solskipet sto  
for fulle seil  
mot snøtindene  
i synsrendene

søkklastet  
med drøm

Nå går du  
med subbesteg  
i nedfallslauvet

men fabler ennå  
om synsrender  
soltinder  
og blått



vart skipa i diktaren si heimbygd, Hol, den 3.mars 2001. Vedtektene seier at selskapet er eit landsfemnande selskap av einskildpersonar, organisasjonar, skular, verksemdar, institusjonar, kommunar og fylkeskommunar.

**FØREMÅLET med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt forfattarskap.**

Dette skal gjerast m.a. ved

- å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta
- å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket
- å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta
- å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren og produksjonen hans
- å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.
- å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek
- å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v.

Medlemspengane er 100 kroner året.

Bankkonto 2333.22.62998.

Adressa er

Olav Sletto- selskapet, Høgehaugvegen 11, 3576 HOL.

**Dette årsheftet er utgjeve med støtte frå**



**- ditt lokale "finanshus", med bank- og forsikringstenester på same stad.**

**Ofte er det vanskeleg å finna fram til dei forsikringar som høver til akkurat ditt behov.**

**Då er det fint å samla forsikringane dine gjennom Hol Sparebank – der folk du kjenner kan spørjast om råd og rettleiing.**

**Vi kjenner både deg og nærområdet ditt, og vi kan gi deg personleg og rask sakshandsaming.**

**Ta turen innom for heilskapleg vurdering av behova dine.**

*1965-2005 100 år*



HOVUDKONTOR GEILO:  
Tlf. 32 08 70 20  
E-post: [firmapost@hol-sparebank.no](mailto:firmapost@hol-sparebank.no)

AVD.KONTOR HOL:  
Tlf. 32 08 70 80  
[holavd.@hol-sparebank.no](mailto:holavd.@hol-sparebank.no)